



Gloppen kommune

Plan og utgreiing

Medlem i landsbyrådet

Vår ref.
18/8369

Dato
13.06.2018

Referat frå møte i landsbyrådet 4. juni 2018

Sak	Ansvar
<p>1) Eit nyoppretta landsbyråd – arbeidsform og forventningsavklaringar</p> <p>Birte starta møte med ei innleiing om bakgrunnen for landsbyrådet. I samfunnsdelen er det forankra at kommunen legg vekt på ein utviklingskultur basert på samskaping. I dette ligg det at kommune, næringsliv og frivillige bringer kompetanse og ressursar i lag og utviklar felles løysingar. Landsbyrådet er eit samarbeidsfora der desse aktørane kan diskutere faglege innspel og løysingar for utvikling av Sandane sentrum. Gode idear og innspel blir brukt i saker som skal leggest fram for politisk handsaming.</p> <p>Til grunn for arbeidet i landsbyrådet ligg:</p> <ul style="list-style-type: none">• Sentrumsanalysen frå 2015• Parallelloppdraget frå 2017 med sju hovudsatsingsområde (s.10)• Kommuneplanen sin samfunnsdel frå 2018 (s. 11)• Områdereguleringsplan som er under utarbeiding• Inspirasjon og erfaring frå andre tettstader/landsbyar <p>Lokal forankring og engasjement</p> <p>Ved å samle representantar frå butikkgruppe, Gloppen næringsorganisasjon, kulturlivet, grunneigarar, politikarar og kommuneadministrasjon så ønskjer vi å skape lokal forankring og engasjement for utvikling av Sandane sentrum.</p> <p>På møte gjekk vi gjennom ansvarsavklaringar og forventingar til arbeidet i landsbyrådet:</p> <ul style="list-style-type: none">• Sandane – ein stad for å handle og møte folk. Positivt med aktivitet og at det skjer noko i sentrum. Uformelle møteplasser på tvers av alder og kultur.• Kommunesenteret – motor for handel• Eit levande sentrum – krev forutsigbarheit. Tradisjon – ein plass der det alltid skjer noko/ faste ting som skjer.• Viktig at fjordlandsbyen Sandane appellerer til innbyggjarane i heile kommunen. Korleis kan vi gjere fjordlandsbyen attraktiv for grendene? Vere bevisste i kommunikasjonen ut. Møteplass for heile Gloppen – «Vi-følelsen». Korleis kan vi imøtekome grendene sine behov? Kan fjordlandsbyen også arrangere aktivitetar i grendene?	Birte

Sak	Ansvar
<ul style="list-style-type: none"> • Kulturlivet – ein viktig aktør for å skape aktiviteter i sentrum og møteplasser. Viktig for sentrum også utanom butikkane sine opningstider. • Landsbyrådet – ein møtestad for idemyldring og forslag til løysingar. Beslutningar i andre fora. • Butikkgruppa – hovudansvar for handelsskapande aktivitetar. Viktig samspel med gode møteplasser og kulturaktiviteter. • Årshjul med fordeling av kva dei ulike aktørane har ansvar for. Synleggjere og marknadsføre aktivitet som skjer i heile kommunen i Sandane sentrum. Eks «Contry-laurdag» i sentrum. • Jobbe etter ei tydeleg retning for kva ein vil med fjordlandsbyen. Bevisst på utviklingsretning. <p>Møteform: Det var ønskje om å gjennomføre møta i landsbyrådet på ettermiddag, 3 timer, 4 gonger pr år og helst ikkje måndagar. Planlegg to møter til i 2018 – september og november.</p> <p>Neste møte: vert 11. sept i nyoppussa Heradshus.</p>	
<p>2. Kort orientering om arbeid som er på gang i sentrum</p> <ul style="list-style-type: none"> • NVE er starta på arbeidet med flaumsikring av Holvikelva. Det vil bli samanhengande gangveg i samband med utbygginga frå sentrum til Trivselshagen og Firda vgs. Kommunen har fått tettstadmidlar frå fylkeskommunen til gangvegen. Arbeidet skal vere ferdig i 2019. • Kommunen har fått midlar frå Miljødirektoratet til klimatilpassingstiltak for å utgreie og foreslå tiltak for korleis vi kan sikre eksisterande bygningar i Sandane sentrum mot havnivåstigning og stormflo. Utgreiinga skal gjerast i løpet av 2018. Fjordfronten er Sandane sin «juvel», og vi ønskjer ein mest muleg open løysing mot sjøen/ ikkje ein voll som lagar ein barriere. • Kommunen har fått midlar frå Statens kartverk til å kartlegging av universell utforming i Sandane sentrum. Alle parkeringsplassar, tilgang til butikkar og offentlege bygg blir registrert no i sommer. I tillegg vil parkanlegget i Grandaparken og gjestehamna bli kartlagt. Kartlegginga vil gje oss status for universell utforming i Sandane sentrum, og vil vere til nytte for kommunen si planlegging og utviklingstiltak. I forhold til inngangsparti på butikkar så gjev registreringa oss ein status. Dersom den viser manglar, så vil kommunen ikkje pålegge eigar krav om utbetring, men gjennom samarbeid og dialog finne løysingar som gjere sentrum meir tilgjengeleg for alle på sikt. • Sak om å gjere leikeplassen i sentrum permanent - her vedtok politikarane at denne blir liggande som i dag til områdereguleringsplanen har vore ute på høyring. • Sentrumskart, stisykling og vandrekart – her er kommunen i lag med selskapet Imap i gang med å utvikle eit turistkart for Gloppen. Dette kan vi bruke vidare på ulike måtar i sentrum. Butikkane får etterlengte sentrumskart som viser handelstilbod, tur og aktivitetstilbod. • Knut Roger orienterte om at kartet over vandrerutene i Gloppen er planlagt foliert i eit av vindauge til Intersport. Dette kan også vere aktuelt andre stader/butikkar. • Kommunen samarbeider med Gloppen Aktiv og Intersport om base for turistinformasjon i sommar. Det er montert ein rulleskjerm i eit butikkvindaug med «Kva skjer i Nordfjord» som Visit Nordfjord har laga. • Kommunen flyttar tilbake i Heradshuset i midten av august. 	

Sak	Ansvar
<p>3. Mindre tiltak/aktivitetar som kan jobbast med dette året</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Aktivitetshjulet – plott inn dei aktivitetane som allereie er planlagt i sentrum i år. Sjå på mulegheiter for å supplere med fleire. 2. Er det muleg å finne ein fast plass i sentrum der ein kan ha utsal – t.d bondens marknad, scene for underhaldning ein laurdag? Bør bruke heradsplassen meir til fleksible installasjonar. 3. Behov for meir benker og bord i sentrum. Kan ein lyse ut etter ein konkurranse – Gløppebenken? Kan det unike med Sandane/ historiske bygningstradisjonar vise igjen i denne type installasjonar? (Ringebu hadde ei bu i sentrum der all infrastruktur (bord og stoler) var samla og gratis tilgjengelig for dei som skulle bruke det.) 4. Meir planter og grønt i sentrum 5. Kulturkalenderen i papirformat. A3 til å henge opp i butikkane. 6. Betre skilting i sentrum for at turistar skal finne fram/finne parkring 7. Fokus på kommunikasjon og VI-følelsen. Korleis kan fjordlandsbyen vere til nytte for heile Gløppen? Ope møte til hausten der ein koplar på utviklingslaga. 8. Fokus på å skape innhald og løfte stoltheit – ikkje merkevare og logo – må kome seinare. Fysiske tiltak i lag med aktivitetar/ aktivitetsplan. 	
<p>4. Arbeid med handlingsplan for 2019 og vidare arbeid</p> <p>Birte konkretiserer tema som vi treng faglege innspel på i forhold til eksterne midlar vi kan søke om både innan tettstadsmidlar, aktivitetsarenaer og klimasatsmidlar. Det skal lagast ein start på ein aktivitetsplan for 2019 til neste møte.</p>	Birte
<p>5. Ymse</p> <p>Britt Åse Høysveen frå landsbyen Ringebu kjem til Gløppen 19. – 20. juni. Ho skal møte i kommunestyret ondag 20. juni. Det var ønskje om eit møte med landsbyrådet på kvelden 19. juni, men svært mange av representantane i landbyrådet var oppteken denne kvelden. Vi planlegg med eit ope møte på Fjæra Mat på kvelden den 19. juni for butikk og næringsdrivande. Alle i landsbyrådet som har høve til å delta er sjølvstilt invitert.</p>	

Vennleg helsing

Birte Fossheim
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til

Jan Kåre Fure
Leidulf Gløppestad
Roar Henden

Mottakarar

Bjarte Gangeskar

Hanne Bergliot Oftedal

Ingvill Hestenes

Knut Roger Berge Nesdal

Solveig Lien Gusdal

Øystein Skinlo